



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 22.10.2014
Møtetid: 15:00 - 17:30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert 0 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Eva Hellevang (H)	

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge under heile møtet. Planlegger Lønningdal under skriv og melding – vedk. skiltplan.

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge (ass.rådmann)

Merknader: Ragnfrid Olsnes (Bl) var ugild under handsaminga av sak 56/14, jfr FVL § 6 b.

Orienteringar/meldingar:	<p>R.Lønningdal orienterte om utkast frå vegvesenet om skiltplan i samband med Tysse-tunellen og avkøyring til Fv 48. Formannskapet kom med innspel som vert foreslått innarbeidd i planen.</p> <p>Ordførar orienterte om Ospevika badeplass og tilrettelegging av tilkomst og parkering i samband med bygging av tunellen. Formannskapet slutta seg til at ordførar inngår avtale med vegvesenet og grunneigarar. Rådmannen orienterte om at i fylgje reguleringsplan og inngått avtale med Klubben båtlag om marina på Bjørkheim er det ikkje er høve til vinterlagring på land. Klubben båtlag har kome med søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for dette føremålet. Det er kommunen som i tilfelle må søkja om dispensasjon, og rådmannen meiner at det er uheldig med vinterlagring her og ønskjer derfor ikkje å søkja om dispensasjon. Formannskapet slutta seg til dette.</p> <p>Ordførar orienterte om følgjande møtedato; - Formannskapet sine møtedatoar den 13 og 14 vert flytta til 19 og 20 november.</p>
---------------------------------	---

	<p>- Formannskapa i Samnanger, Osterøy og Vaksdal er invitert til fellesmøte den 30.oktober i Lonevåg. Felleškøyning frå Bjørkheim kl. 18.00.</p> <p>- Kommunestyret sitt møte er 17 desember. Rådmann orienterte om skisse for framtidig organisering av kommunen. Styringsgruppa skal ha denne opp til drøfting i møte 23.10.14. Det er lagt til grunn at ny organisering vert innan eksisterande stillingsressursar.</p>
Orientering prosjekt:	<p>Møtet vart lukka under informasjon om prosjekt som skal erstatta paviljongen på Bjørkheim. Ordførar orienterte om at planane vert gjort offentlege gjennom ei pressemelding den 10 november.</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p>Ragnfrid Olsnes (Bl) : Etterlyste status på arbeidet med tiltak/aktivitetar for ungdom, finansiert med ”mastepenger”. Administrasjonen førebur svar til kommunestyret.</p> <p>Gunnar Bruvik (Frp) stilte spørsmål om status for overføring av Fv 48 til kommunal veg. Ordførar orienterte.</p> <p>Øyvind Røen (Sp) stilte spørsmål om status for arbeidsmiljøundersøkinga som er gjennomført i samband med medarbeidarkartlegginga for heile kommunen. Han viste og til spørsmål i sist møte i administrasjonsutvalet om arbeidsmiljøet i pleie og omsorg. Rådmannen orienterte om at leiinga ved plo er bedt om å gje svar på dei spørsmåla som vart reist og at dette vil verta presentert for administrasjonsutvalet i neste møte. Det vart gitt ei kort melding om gjennomføringa av medarbeidarkartlegginga. Den har gått fram til førre veke og at det no vert arbeidd med analyse m.m. Gjennomsnittleg svarprosent på rundt 60%, men det er store variasjonar.</p>

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 28.10.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
053/14	14/802	Faste saker	
054/14	09/507	Bir Privat - renovasjonsavgift 2009 - 2015	
055/14	10/157	Kapitalutviding Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS	
056/14	14/708	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Sunnivas klipp	U Ikkje offentleg
057/14	14/799	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Ines hudpleieklinikk	U Ikkje offentleg

SAKNR. 053/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter: ” Ragnfrid Olsnes (Bl) : Kva er status på arbeidet med ungdom, finansiert med ”mastepeger”. Administrasjonen førebur svar til kommunestyret.

Gunnar Bruvik (Frp) stilte spørsmål om status for overføring av fv 48 til kommunal veg.

Ordførar orienterte.

Øyvind Røen (Sp) stilte spørsmål om status for arbeidsmiljøundersøkinga som er gjennomført i samband med medarbeidarkartlegginga for heile kommunen. Han viste og til spørsmål i sist møte i administrasjonsutvalet om arbeidsmiljøet i pleie og omsorg. Rådmannen orienterte om at leinga ved plo er bedt om å gje svar på dei spørsmåla som vart reist og at dette vil verta presentert for administrasjonsutvalet i neste møte. Det vart gitt ei kort melding om gjennomføringa av medarbeidarkartlegginga. Den har gått fram til førre veke og at det no vert arbeidd med analyse m.m. Gjennomsnittleg svarprosent på rundt 60%, men det er store variasjonar.

FORM-053/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 054/14

BIR PRIVAT - RENOVASJONSAVGIFT 2009 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2015 vert satt ned med 0,5 %.

Beløpet for ein minimumskunde vert då kr, 1510,- for 12 tømminger, 6 tømminger pr. halvår, + eit tillegg på kr. 26,- pr. restavfallstømming utover dette, + bossnettpåslag kr. 150,- pr. boeining. Alle prisar er ekskl. mva

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tiltrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-054/14 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2015 vert satt ned med 0,5 %. Beløpet for ein minimumskunde vert då kr, 1510,- for 12 tømminger, 6 tømminger pr. halvår, + eit tillegg på kr. 26,- pr. restavfallstømming utover dette, + bossnettpåslag kr. 150,- pr. boeining. Alle prisar er ekskl. mva.

SAKNR. 055/14

**KAPITALUTVIDING STOREHOLMEN VTA AS FOR OPPKJØP AV NORHEIMSUND
INDUSTRISERVICE AS**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek del i aksjekapitalutviding i Storholmen VTA as. med kr 90.000. Aksjekjøpet vert betalt ved bruk av næringsfondet.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-055/14 VEDTAK:

Samnanger kommune tek del i aksjekapitalutviding i Storholmen VTA as. med kr 90.000. Aksjekjøpet vert betalt ved bruk av næringsfondet.

SAKNR. 056/14

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - SUNNIVAS KLIPP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gitt eit tilskot på kr 10.000 til etablering av Sunnivas klipp på Haga. Tilskotet vert dekket av næringsfondet.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Ragnfrid Olsnes (Bl) er ugild i saka, jfr FVL § 6 b. Olsnes gjekk ifrå og forlot møtet under handsaminga av saka. Møtet vart lukka. Tilrådinga vart samrøystes vedteke med 5 røyster.

FORM-056/14 VEDTAK:

Det vert gitt eit tilskot på kr 10.000 til etablering av Sunnivas klipp på Haga. Tilskotet vert dekket av næringsfondet.

SAKNR. 057/14

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - INES HUDPLEIEKLINIKK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gir eit tilskot til Ines Hudpleieklipp på kr 20.000 til utstyr og oppussing av klinikken på Haga. Tilskotet vert dekket med bruk av næringsfondet.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedtek.

FORM-057/14 VEDTAK:

Samnanger kommune gir eit tilskot til Ines Hudpleieklinikk på kr 20.000 til utstyr og oppussing av klinikken på Haga. Tilskotet vert dekket med bruk av næringsfondet.

